



Utstillingen av flyfoto frå Uskedalen, stort sett frå 1950- og 1960-talet, fanga stor interesse under Museumsdagen på Bygdetunet Rød søndag og onsdag kveld klokka 19.30 blir han følgd opp med ei lokalhistorisk samling kombinert med tilbakelevering av bileta.

Dei som har levert bilete er velkomne til samlinga og det er også slekta deira, seier initiativtakar Kristian Bringedal.

Etter ei innleiing under overskrifta 'Ei bygd i utvikling - tun og landskap i endring' slepp eigarane til og fortel litt om sine bilete. Så blir det enkel servering før tilbakeleveringa.

Dei som ikkje kan koma til samlinga vil få bileta tilbakelevert innan utgangen av veka.

(Foto: Ola Matti Mathisen)